

LESING I ALLE FAG

Leseplan for Klepp kommune

Overordna mål: Elevar i Klepp skal utvikla gode leseferdigheiter.

Dette inneber leseopplæring i alle fag og på alle steg.

Dette er eit ansvar for alle leiarar og lærarar i Klepp kommune.

Alle barn og unge i Klepp kommune skal få ei leseopplæring som er med på å skapa engasjement og ambisjonar for lesing. Dei skal få utvikla språklege ferdigheiter og kunna koda om. Leseopplæringa skal også syta for at dei kan lesa med forståing og bruka kunnskapen i eiga lesing og læring.

Lesing er grunnleggjande for anna læring, personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Lesing dreier seg ikkje berre om teknikk og ferdigheit. Tileigning av leseferdigheit skjer ofte gjennom dei gode opplevingane med litteratur og tekst. Det må derfor leggjast vekt på gode leseopplevingar i alle fag gjennom alle grunnskuleåra.

Leseplanen for Klepp kommune er ein felles plan som skoleeigar, rektorar, alle lærarar og PP – tenesta har vore med å jobba fram. Dette er ein plan som alle partar skal kjenna godt til og forplikta seg til å arbeida etter.



KLEPP KOMMUNE



INNLEIING

Lesing er den viktigste av alle grunnleggande ferdigheiter i skulen. Alle lærarar, uansett fag eller trinn, har ansvar for elevane si leseutvikling.

Lesing handlar om avkoding, forståing og motivasjon. Leseutviklinga skjer etter spiralprinsippet. Elevane sine ferdigheiter blir påverka av alt heim og skole gjer for å styrke utviklinga, av situasjonen dei les i, tekstene dei møter og krava dei blir utsette for. Lesing og skriving går hand i hand. Mange finn vegen til lesing gjennom skriving, mens andre utviklar skrivinga gjennom lesing. Målet med leseopplæringa er at elevane skal bli funksjonelle lesarar.

Ein funksjonell lesar:



Klepp kommune sin leseplanen er forankra i teori om leseforskning og praksis Planen byggjer på:

- Læreplanen sine kompetansemål og lesing i alle fag.
- Lesesenteret sitt rettleiingsmateriell – *Lesing er...*
- Det er særleg tatt utgangspunkt i hefta *Fagbok i bruk, Lesing er..., Bok i bruk.*
- Lesesenteret sitt observasjonsmateriell *Leselos*

Planen blei laga i ein førebels utgåve våren 2010. Etter utprøving og innspel frå alle lærarane i kommunen, blei planen revidert og laga ferdig våren 2011. Planen blei evaluert våren 2014 og skuleåret 2016/17.

Planen er inndelt etter desse emna:

1. Å SKAPA MOTIVASJON FOR LESING

Dei fleste elevar startar skulen med stor motivasjon og høge forventingar om å læra å lesa. Derfor vert det spesielt viktig å lukkast med lesinga. Elevane må få gode lese- og meistringsopplevingar, uavhengig av ferdigheitsnivået deira. Meistring fører til motivasjon og gode leseopplevingar som er med på å fremja leseutviklinga til den einskilde eleven.

2. Å UTVIKLA SPRÅKLEGE FERDIGHEITER

Språkleg ferdigheit er det emnet i planen som sterkast påpeikar forholdet mellom dei grunnleggjande ferdigheitane å kunna lesa, å kunna uttrykka seg skriftleg og å kunna uttrykka seg munnleg. Denne delen av planen tar i vare læresamtalen og å skriva for å læra som metodar.

I læreplanen blir lesing skildra i dei ulike faga med verb som; gjera, stilla spørsmål, samtala om, fortelja, argumentera, formidla, skildra, utforska, uttrykka, presentera, reflektera og samanlikna. Desse ferdigheitane blir utvikla gjennom å arbeida med tekstar, samtale og tekstskaing. Elevane skal få erfaring med ulike typar tekstar som gir rom for drøfting, samtale og argumentering.

Eit viktig undervisningsprinsipp er å sikra variasjon av metodar i alle fag. Kvar lærar har ansvar for å arbeida med tekst og innlæring av begrep i si undervisning.

3. KODA OM

Når elevane skal lære å koda om, anten det er å gå frå lyd til bokstavkombinasjon eller det er å tilpassa lesemåtar til sjanger, så handlar leseopplæringa i stor grad om at læraren må rettleia elevane. Dei treng rettleiing på fleire nivå i teksten (lyd og bokstav, staving, morfem, ord, setning, skiljeteikn og sjanger). Rettleiinga vil vera avhengig av eleven, trinn, opplæringsmål og den einskilde teksten som skal lesast. Desse kodingsprosessane skal vera så automatiserte at lesinga vert flytande.

4. Å LESA MED FORSTÅING

Lesing krev eigenaktivitet, og derfor er det viktig at vi lærer elevane å vera aktive før, under og etter lesing. Vi må læra dei å lesa strategisk då vi veit at elevar som nyttar ulike lesestrategiar når dei les, lærer meir og utnyttar kunnskapen sin på ein meir effektiv måte.

Skal elevane bli funksjonelle lesarar som forstår og bruker det dei les, er det nødvendig at dei les mykje, at dei les varierte tekstar, på ulike måtar og med ulike formål. For å møta leseutfordringane frå ulike tekstar, bøker, aviser, blader eller internett, er det viktig at elevane lærer seg å lesa kritisk og strategisk slik at dei raskt klarer å vurdera om og på kva slags måte dei kan utnyttja teksten dei har framfor seg. Å lesa strategisk er å bruka bevisste framgangsmåtar for å oppnå betre læringsprestasjonar. Ein lesestrategi kan vere alt frå å lesa og læra eit nytt ord til å organisera og reflektera rundt innhaldet i ein tekst, (Lesing er.... Lesesenteret).

5. TILTAK FOR ELEVAR SOM IKKJE HAR FORVENTA UTVIKLING

Det er viktig at kvar skule har ein plan for kva tiltak som blir sett i verk for elevar som ikkje har forventa utvikling. I denne planen blir det skissert ein del tiltak som skal vera felles for skulane i Klepp.

LESEPLAN FOR 1. - 4. TRINN

Verktøy for observasjon av elevar

Verktøy for planlegging av god undervisning



METAKOGNISJON 1. - 4. TRINN

- Elevane skal lærast opp til å reflektera over eiga forståing og læring. Stopp opp og tenk på det du les. Kva handlar det om? Finn ut kva du forstår og kva du ikkje forstår. Korleis skal eg lesa denne teksten?
- Elevane skal jobba med strategiar som kan hjelpa dei når dei står fast eller ikkje forstår.
- Elevane skal samtale om korleis dei lærer gjennom bruk av ulike forståingsstrategiar.

DEL 1 Å SKAPA MOTIVASJON FOR LESING

«Begynner det først å spire, kan bøker bli en kjærlighet for livet».

Vegen til engasjement hos eleven blir bygd med læringssituasjonar som fenger, undervisning som gjer dei tro på eigne ferdigheiter og som gjer dei i stand til å tileigne seg lærestoff gjennom lesing.

- Utnytt engasjementet som allereie finst
- Bruk relevante tekster
- Gje elevane meir kontroll (val)
- Gje overkommelege mål
- Utnytt det sosiale
- Sett engasjement på dagsorden (*Oddny Solheim, Lesesenteret*)

Korleis sikra at elevane les nok bøker/ tekstar/ litteratur?

1. Sjølvvalgt lesing på skulen minimum 60 minutt, til dømes 15 minutt 4 dagar i veka av både skjønlitterære bøker og fagbøker.
2. Elevane på alle fire trinna skal, saman med lærar, få velja noko litteratur etter evne og interesser.
3. Lesing heime av sjølvvalgt litteratur kvar dag i 15 minutt for alle fire trinna.

Høgtlesing:

1. Lærar skal lesa høgt for elevane kvar dag i 15 minutt eller lengre økter nokre dagar i veka. Lydbok/lydfil kan også nyttast. (Sjå Lesesenteret sine lesetips for barnetrinnet) <http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesegleder/leseglederne-boktips/lesetips-for-barnetrinnet-article86742-13816.html>
2. Elevar på 3. og 4. trinn skal lesa høgt for andre elevar eller vaksne kvar veke.

Litteraturformidling:

1. Jamleg litteraturformidling i løpet av skuleåret.
2. Minst ein gong i halvåret skal elevane presentera litteratur for kvarandre.
3. Minst ein gong i året skal ein "lesegjest" presentera bøker for elevane.

Leseprosjekt:

1. Ein gong i året skal det vera eit skjønnlitterært leseprosjekt.
2. Ein gong i året skal det vera eit faglitterært leseprosjekt.

Skule – heim samarbeid. Foreldra si rolle:

1. Kvar haust skal det informerast om lesing og forventningar til foreldra.
2. Klepp kommune har utarbeida eigne foreldrebrosjyrer og pp-presentasjonar som kan brukast i dette arbeidet. Ligg på U/Felles/Skule/Lesing
3. Foreldra skal, på alle fire trinna, få rettleiing om lesing på foreldremøte, gjennom utviklingssamtalar og på vekeplanen.

DEL 2 Å UTVIKLA SPRÅKLEG FERDIGHEIT

Eit godt munnleg språk gjer at elevane her større sjanse for å forstå det språklege mangfaldet dei møter i ein tekst. Samtidig stimulerast det munnlege språket gjennom lesing og skriving. Språkleg bevisstheit, ordforråd og å fortella med samanheng ser ut til å vera spesielt viktige faktorar for å utvikla god lesedugleik

Munnleg arbeid med tekst og ord:

1. Elevane skal jamleg bruka læresamtalen.
2. Elevane skal reflektera saman før, under og etter lesing.
3. Elevane skal ha ein munnleg presentasjon minst to gonger i året. Dei kan då bruka skriftleg eller visuell støtte. Alle elevar skal få gjera det på sin måte og på sitt nivå.
4. Elevane skal kunna gjenfortelja frå opplevde tekstar minst ein gong i halvåret.

Skriftleg arbeid med tekst og ord:

1. Elevane skal jamleg nytta skriving som del av arbeidet med forståing. I samband med lesinga skal elevane møta prosessskriving (skriving/ notat/ teikning som elevane bruker for å forstå det dei les) og produktskriving.
2. Elevane skal ha skriftlege presentasjonar av arbeid med tekst, minimum tre gonger kvart halvår.
3. Bruke STL+ som reiskap i begynneropplæringa
4. Læra å bruka enkel tekstbehandling. Bruka presentasjon- og tekstskepingsverktøy.

Ordforråd:

1. Kvar elev skal læra seg minimum 5 nye ord og begrep kvar veke. Orda kan vera ei blanding av høgfrekvente ord, fagord og andre ukjente ord elevane møter i tekster.
2. Elevane og lærarane skal bruka dei nye orda i ulike samanhengar, til dømes i munnleg, skriftleg og i arbeid med læringsstrategiar.
3. Lærarar på steget skal samarbeida om å velja ut nye ord til vekeplanen. Elevane skal kunna skriva, lesa og forstå slike ord.

DEL 3 Å KODA OM

Å koda om er å greia å gjera ei kopling mellom lyd og teikn. Vidare er det å sjå bokstavsekvensar, heile ord, meiningsberande einingar, setningar, avsnitt, større tekstbitar, heil tekst og sjanger. Desse kodingsprosessane skal vera så automatiserte at lesinga vert flytande.

Plan for bokstavinnlæring:

1. Kvar skule vel læreverk og rekkefølge og progresjon. Kvar skule skal ha ein eigen plan for dette arbeidet.
2. I opplæringa skal det leggjast hovudvekt på dei små bokstavane. Dei store vil bli presenterte parallelt.
3. Bruka læringsbrettet som reiskap i bokstavinnlæringa
4. Kvar elev skal sjekkast grundig etter 5, 13 og 18 bokstavar og etter innlæring av heile alfabetet.
5. Skulen skal jobba systematisk med elevar som treng grundigare opplæring.

Rettleia lesing på alle trinn, i alle fag:

1. Lærarar i Klepp skal bruka "retteia lesing" på alle trinn.
2. Elevane skal møte eit breitt utval av teksttypar. Til dømes faktatekst, dikt, teikneseriar, forteljing og eventyr.
3. Elevane skal kvar veke erfare modellesing av lærar.
4. Elevane skal veksle mellom å bruka korlesing, parlesing, veksellesing og repetert lesing.

Vurdering av ferdigheit i koding:

1. Alle skular skal kartleggja elevane gjennom dei nasjonale kartleggingsprøvene i lesing.
2. Observasjonsverktøyet Leselos skal brukast som grunnlag for lærarane sin refleksjon rundt elevane si leseutvikling på trinn/team. Dette skal gjerast minst ein gong i halvåret.
3. Elevane skal meistra å lesa ord etter morfem og stavingar i autentiske tekster.
4. Elevane skal meistra å lesa ord på bokstav-, sekvens- og på ordnivå; stavingar, endingar, konsonantsamansettingar, bindingar, ordkjeder, ordfamiliar, ikkje lydrette ord og samansette ord i autentiske tekster.
5. Elevane skal læra dei 100 mest høgfrekvente orda

DEL 4 Å LESA MED FORSTÅING

Å lese med forståing vil seia å kunne gje att innhald, forstå, stilla spørsmål til, reflektera over og dra linjer frå tidlegare kunnskap. Å undervisa i forståingsstrategiar er ein føresetnad for å utvikla elevane til strategiske lesarar.

Lesestrategiar:

På alle trinn skal det arbeidast med dei fire hovudstrategiane -strukturera teksten, stilla spørsmål, gje att innhaldet og skapa om innhaldet.

1. Elevane skal vite formålet med lesinga (lesebestilling).
2. Strukturera informasjon frå teksten. Til dømes ved å bruka tankekart, kolonnenotat, VØL – skjema, Venn-diagram og styrkenotat.
3. Stilla spørsmål frå teksten. Til dømes ved hjelp av tekst og tankespørsmål, spørjeord etc.
4. Gje att innhaldet i teksten. Til dømes ved hjelp av nøkkelord, tankekart andre strategiar.
5. Skapa om teksten, bruka teksten i nye samanhengar. Til dømes gjennom de Bonos ”Tenkande hattar”, rollekort, samandrag, korte læresamtalar etc.
6. Analysera og vurderer teksten sitt innhald og form.
7. Nyttja læringsbrett i alle fag – bruka presentasjon- og tekstskapingsverktøy.

Det må vera ein oversikt over strategiane som skulen bruker. Alle strategiar må introduserast og modellerast for elevane. Kvar og ein av strategiane må arbeidast med over tid og takast fram igjen med jamne mellomrom. Elevane må i innlæringsfasen og ved seinare arbeid få vita kvifor desse strategiane er så viktige for læringa deira. Elevane må ha ei visuell framstilling i klasserommet over alle læringsstrategiane.

DEL 5 DIGITAL KOMPETANSE

1. Digitale ferdigheter som grunnleggande ferdighet med nivåbeskriving.
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/digitale-ferdigheter/>
2. Iktplan.no. Digitale ferdigheter i opplæringa med mål etter 4. trinn.
<http://www.iktplan.no/index.php?pageID=7&lang=nb>

DEL 6 TILTAK FOR ELEVAR SOM IKKJE HAR FORVENTA UTVIKLING

1. Vurdera og diskutera den leseundervisninga eleven møter i klasserommet.
2. Bruka Leselos som tiltak for å avdekka områda eleven ikkje meistarar.
3. Det må settast inn tiltak for dei elevane som kjem under kritisk grense på kartleggingsprøvene. Kvar skule må etter behov organisera tiltak, til dømes: lesegrupper på tvers av trinn, lesekurs, oppfølgingstiltak på enkeltelevar, leselærarar som går frå elev til elev, klasse til klasse og arbeider med enkeltelevar.
4. Elevar med svakt resultat bør utgreiast vidare med Logos. Kvar skule må ha ein ressurslærar som kan gjera denne kartlegginga.
5. Eleven skal møta tilpassa lesemateriell som motiverer med tanke på innhald, alder og ferdigheit.
6. Det må leggjast vekt på eit nært samarbeid med foreldra.

LESEPLAN FOR 5. - 7. TRINN

Verktøy for observasjon av elevar

Verktøy for planlegging av god undervisning



METAKOGNISJON 5. - 7. TRINN

- Elevane må jamleg lærast opp til å reflektera over eigen forståing og læring
- Elevane skal jamleg jobba med strategiar som kan hjelpa dei når dei står fast eller ikkje forstår.
- Elevane skal jamleg samtala om korleis dei lærer, t.d gjennom å bruka ulike forståingsstrategiar.

DEL 1 Å SKAPA MOTIVASJON FOR LESING.

«Begynner det først å spire, kan bøker bli en kjærlighet for livet».Vegen til engasjement hos eleven blir bygd med læringssituasjonar som fenger, undervisning som gjer dei tro på eigne ferdigheiter og som gjer dei i stand til å tileigne seg lærestoff gjennom lesing.

- Utnytt engasjementet som allereie finst
- Bruk relevante tekster
- Gje elevane meir kontroll (val) - Gje overkommelege mål
- Utnytt det sosiale
- Sett engasjement på dagsorden (*Oddny Solheim, Lesesenteret*)

Tilgang til litteratur:

1. Skulebiblioteket skal ha ny aktuell litteratur som er tilpassa ulike elevgrupper.
2. Elevar skal alltid ha tilgang til ulike typar litteratur: skjønnlitteratur, faktabøker, småbøker, magasin/tidsskrift, teikneseriar, aviser, internett og fagbøker.
3. Bøker bør stillast ut eller gjerast synlege i klasssreommet.

Individuell lesing:

1. Sjøvvalgt lesing på skulen minimum 60 minutt -til dømes 15 minutt 4 dagar i veka av både skjønnlitterærar bøker og fagbøker.
2. Elevane skal ha leseleker kvar dag. Noko av leseleksa bør vera i andre fag enn norsk.
3. Elevane skal ha lesebestilling til leseleksene kvar veke. Dette kan til dømes vera i sjølvvalgt litteratur.

Høgtlesing:

1. Dei vaksne skal lesa frå ei bok kvar veke. Lydbøker/lydfil kan også nyttast. Sjå Lesesenteret sine boktips for mellomtrinnet:
<http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesegledere/leseglederne-boktips/boker-for-mellomtrinnet-article92779-13816.html>
2. Alle elevane skal lesa høgt for medelevar eller vaksne kvar veke. Dei kan lesa skjønnlitterære tekstar eller fagtekstar.

Litteraturformidling:

1. Elevane skal presentera minimum ei bok i halvåret til andre.
2. Besøk frå biblioteket eller besøk til biblioteket.
3. Besøk av eksterne litteraturformidlarar kvart år - bibliotekar, "leseledar", lesegjest.
4. Minst ein gong i løpet av 5.-7.trinn skal elevane oppleve eit forfattarbesøk.

Leseprojekt:

1. Ein gong i året skal det vera eit skjønnlitterært leseprosjekt.
2. Ein gong i året skal det vera eit faglitterært leseprosjekt.

Skule – heim samarbeid. Foreldra si rolle:

1. Lesing skal vera tema på foreldremøte og på utviklingssamtalar kvart år. Foreldra skal få informasjon og rettleiing om korleis dei kan vera rollemodellar og korleis dei kan påverka og hjelpa barna til å bli gode og aktive lesarar.
2. Klepp kommune har utarbeida eigne foreldrebrosjyrer og pp-presentasjonar som kan brukast i dette arbeidet. Ligg på U/Felles/Skule/Lesing.
3. Dei føresette skal høyra eleven lesa høgt frå leseleksa og samtala om det dei les, minimum ein gong i veka.

DEL 2 Å UTVIKLA SPRÅKLEG FERDIGHEIT

Eit godt munnleg språk gjer at elevane har større sjanse for å forstå det språklege mangfaldet dei møter i ein tekst. Samtidig stimulerast det munnlege språket gjennom lesing og skrivning. Språkleg bevisstheit, ordforråd og å fortella med samanheng ser ut til å vera spesielt viktige faktorar for å utvikla god lesedugleik. Språkleg ferdigheit er også å utvikla eleven sin kompetanse i fagrelevant lesing og skrivning.

Munnlege aktivitetar:

1. Elevane skal jamleg nytta læresamtalen i grupper og i par.
2. Elevane skal ha individuelle framføringar, t.d. presentasjonar, minimum to gongar i halvåret. Dei kan då bruka skriftleg eller visuell støtte. Alle elevar skal få gjera det på sin måte og på sitt nivå.
3. Elevane skal kunna gjenfortelja frå opplevde tekstar minst ein gong i halvåret.
4. Læraren skal jamleg modellera munnleg forteljing og formidling av elevane sine tekster.
5. Elevane skal gje munnlege tilbakemeldingar til medelevane sine presentasjonar, minimum to gongar i halvåret.

Skriftlege aktivitetar:

1. Elevane skal jamleg nytta prosessskrivning som ein del av læringa og arbeidet med leseforståing.
2. Elevane skal jamleg nytta varierte former for produktskrivning som ein del av læringa og arbeidet med leseforståing.
3. Elevane skal bruke digitale hjelpemiddel til tekstskepning
4. Elevane skal kunne nytta digitale presentasjonsverktøy

Ordforråd:

1. Kvar elev skal læra seg nye ord og begrep kvar veke. Orda kan vera ei blanding av høgfrekvente ord, fagord og andre ukjente ord elevane møter i tekster.
2. Nye fagord og andre viktige ord skal arbeidast med munnleg og skriftleg i ulike samanhenger og ved hjelp av ulike læringsstrategiar.
3. Elevane skal laga sin eigen ordbank i alle fag.
4. Lærarar på steget skal samarbeida om å velja ut nye ord til vekeplanen. Elevane skal kunna skriva, lesa og forstå slike ord.

DEL 3 Å KODA OM

Å koda om er å greia å gjera ei kopling mellom lyd og teikn. Vidare er det å sjå bokstavsekvensar, heile ord, meiningsberande einingar, setningar, avsnitt, større tekstbitar, heil tekst og sjanger. Etterkvart som elevane blir eldre og betre lesarar, handlar "å koda om" også om å lesa og forstå ulike sjangrar, uttrykka seg presist med eit meir variert og nyansert ordforråd og tilpassa lese måte etter sjanger.

Koding:

1. Elevane skal meistra å lesa ord etter morfem og stavingar.
2. Elevane skal meistra å lesa ord på bokstav-, sekvens- og på ordnivå.
3. Elevane skal læra dei 500 mest høgfrekvente orda.

Les med flyt og intonasjon:

1. Elevane skal kvar veke erfara modellesing av lærar, medelev eller ved hjelp av lydbøker.
2. Elevane skal veksla mellom å bruka korlesing, parlesing, veksellesing og repetert lesing i løpet av ei veke.
3. Elevane skal jamleg øva for å kunna lesa teksten med naturlege pausar og tonefall.

Vurdering:

1. Observasjonsverktøyet Leselos skal brukast som grunnlag for lærarane sin refleksjon rundt elevane si leseutviling på team/trinn: Dette skal gjerast minst ein gong i halvåret.
2. I tillegg til nasjonal prøve på 5.trinn, bør alle skular ha kartleggingsmaterieil for elevar på 6. og 7.trinn
3. Det skal vera lesesamtale med den enkelte eleven for å kartleggja avkoding og forståing. I den vanlege undervisninga skal det leggjast til rette for dette.
4. Elevane skal visa at dei forstår og kan bruka nye ord munnleg og skriftleg, t.d. faguttrykk, høgfrekvente ord eller andre ord dei møter.

DEL 4 Å LESA MED FORSTÅING

Å lesa med forståing vil seia å kunna gje att innhald, forstå, stilla spørsmål til, reflektera over og dra linjer frå tidlegare kunnskap. Arbeid med lærings- og lesestrategiar gjer øving i dette.

Læringsstrategiar byggjer på ulike element. Desse er motivasjon, bakgrunnskunnskapar, aktiv læring, dialog, modellering, strukturering og organisering, og må liggja i botn når ein arbeider med dette.

Strategiar:

1. Elevane skal læra å reflektera over tekst, t.d. ved å nytta leselogg.
2. Elevane må vera medvitne på kva strategiar dei kan bruka før, under og etter lesing.
3. Skulen skal ha ein oversikt over kva strategiar som dei ulike stega set fokus på. Når elevane er ferdige med 7. steg, skal dei kunna bruka desse strategiane: tankekart / styrkenotat, nøkkelord, tokolonnotat/ begrepskart og stilla spørsmål til tekst.
4. Læringsstrategiane skal brukast kontinuerlig, og ved innføring av ein ny strategi, skal alle lærarane kjenna til dette og delta.
5. Læraren må variera bruken av dei ulike strategiane.
6. Det må leggast vekt på å læra elevane dei fem hovudstrategiane: å strukturera informasjon, stilla spørsmål ut frå tekst, gje att informasjon, skapa om tekst.

Observasjon:

1. Alle elevane skal observerast med Leselos ut frå komponentane til leseforståing. Sjå Leselosskjemaet.
2. Observasjonane skal nyttast til å betra det vidare arbeidet på steget og eventuelle tiltak til den enkelte eleven.
3. Kontaktlærar skal ha hovudansvaret for at observasjonane blir utførte.

DEL 5 DIGITAL KOMPETANSE

1. Digitale ferdigheiter som grunnleggande ferdigheit med nivåbeskriving.
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/digitale-ferdigheter/>
2. Iktplan.no. Digitale ferdigheiter i opplæringa med mål etter 7. trinn.
<http://www.iktplan.no/index.php?pageID=8&lang=nb>

DEL 6 TILTAK FOR ELEVAR SOM IKKJE HAR FORVENTA UTVIKLING

1. Vurdera og diskutera den leseundervisninga eleven møter i klasserommet.
2. Bruka Leselos som tiltak for å avdekka områda eleven ikkje meistarar.
3. Elevar som ligg på nivå 1 på nasjonal prøve for 5.trinn bør utgreiast vidare med Logos. Kvar skule må ha ein ressurslærer som kan gjera denne kartlegginga
4. Kvar skule må etter behov organisera tiltak, til dømes: lesegrupper på tvers av trinn, lesekurs, oppfølgingstiltak på enkeltelevar, leselærarar som går frå elev til elev, klasse til klasse og arbeider med enkeltelevar.
5. Skulen må ha ein leserettleiar (eller annan ansvarleg person) som ved hjelp av systematisk progresjon hjelper dei elevane som heng etter.
6. Eleven skal møte tilpassa lesemateriell som motiverer med tanke på innhald, alder og ferdigheit.
7. Det må leggest vekt på eit nært samarbeid med foreldra.

LESEPLAN FOR 8. - 10. TRINN

Verktøy for observasjon av elevar

Verktøy for planlegging av god undervisning



METAKOGNISJON 8. - 10. TRINN

- Elevane skal i det daglege få trening i, og tid til, å reflektera over det dei les og over korleis dei kan læra.
- Elevane skal dagleg jobbe med strategiar som kan hjelpa dei når dei står fast og ikkje forstår.
- Elevane skal jamleg samtala om korleis dei lærer. Bruk til dømes forskjellige forståingsstrategiar, vurdering for læring og lesebestillingar.

DEL 1 Å SKAPA MOTIVASJON FOR LESING

«Begynner det først å spire, kan bøker bli en kjærlighet for livet».

Vegen til engasjement hos eleven blir bygd med læringssituasjonar som fenger, undervisning som gjer dei tro på eigne ferdigheiter og som gjer dei i stand til å tileigne seg lærestoff gjennom lesing.

- Utnytt engasjementet som allereie finst
- Bruk relevante tekster
- Gje elevane meir kontroll (val)
- Gje overkommelege mål
- Utnytt det sosiale
- Sett engasjement på dagsorden (*Oddny Solheim, Lesesenteret*)

Tilgang på litteratur/ lesestoff:

1. Alle klassar skal ha minimum to bibliotekbesøk i året. Dette kan gå føre seg ved besøk til skulen eller besøk på biblioteket.
2. Det skal vera besøk av ein litteraturformidlar/forfattar/lesegleidar ein gong i året.
3. Skulebiblioteket må ha eit breitt utval av bøker i alle sjangrar, tidsskrift, vekeblad og teikneseriar.
4. Elevane skal ha tilgang til nettadresser til litteratur.

Sikra nok lesing / individuell lesing:

1. Alle elevar skal ha strukturert lesetid kvar veke på skulen. Dette kan delast mellom stillelesing og høgtlesing.
2. Lesebestilling vert gitt i minimum eit fag kvar veke.

Høgtlesing:

1. Elevane skal lytta til minimum ei bok i året. Boka kan lesast av lærar eller ein kan nytta lydfil. Sjå Lesenteret sine boktips for ungdomstrinnet.
<http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/lesegledere/lesegledernes-boktips/lesetips-for-ungdomstrinnet-article86839-13816.html>
2. Elevane skal få både faglitterære og skjønlitterære tekstar som lytteopplevingar.
3. Elevane skal jamleg lesa høgt i alle faga.

Leseprosjekt:

1. Det skal vera eit skjønlitterært leseprosjekt kvart år.
2. Det skal vera eit faglitterært leseprosjekt kvart år. Ansvaret skal delast mellom faglærarane på trinnet.

Litteraturformidling:

1. Det skal organiserast eit felles forfattarbesøk for alle ungdomsskuleelevane i kommunen i løpet av tida på ungdomsskulen. Forfattarbesøket er lagt til 9.trinn.
2. I løpet av 8. trinn skal lærar nytta modelltekstar for skiving av faglitterær- eller skjønlitterær tekst. ("Tekst" kan vera biletbøker, skjønlitterære og faglege tekstar).
3. Gjennom arbeidet med lesing i alle fag skal elevar få øving i å presentera lærestoff munnleg for kvarandre ved hjelp av eit variert utval av læringsstrategiar.
4. Kvar elev skal minimum framføra ei bokmelding i året.

Skule – heim samarbeid. Foreldra si rolle:

1. Foreldra skal følgja opp lesinga heime gjennom samtale om det eleven har lese.
2. På foreldremøte gjennom heile ungdomsskulen skal føresette verta minna på kor viktig lesing og bruk av lesestrategiar er.
3. Klepp kommune har utarbeida eigne foreldrebrosjyrer og pp-presentasjonar som kan brukast i dette arbeidet. Ligg på U/Felles/Skule/Lesing.
4. Foreldra må orientera seg på skulen si heimeside og/eller på vekeplanen i forhold til leselekser og leseprosjekt.
5. Foreldra må leggja til rette for lesing i heimen og stimulera til å bruka bibliotek, aviser, vekeblad, skulebøker, tidsskrift og internett.

DEL 2 Å UTVIKLA SPRÅKLEG FERDIGHEIT

Eit godt munnleg språk gjer at elevane her større sjanse for å forstå det språklege mangfaldet dei møter i ein tekst. Samtidig stimulerast det munnlege språket gjennom lesing og skrivning. Språkleg bevisstheit, ordforråd og å fortella med samanheng ser ut til å vera spesielt viktige faktorar for å utvikla god leseferdigheit. Språkleg ferdigheit er også å utvikla eleven sin kompetanse i fagrelevant lesing og skrivning.

Skriftleg ferdigheit:

1. Elevane skal møte ulike sjangrar. Fagspesifikke sjangrar er faglærer sitt ansvar. Faglærer og elevar skal ha oversyn/liste over ulike aktuelle genre i faget.
2. Elevane skal jamleg nytta læringsstrategiar som reiskap for å skriva seg til innsikt og kunnskap i alle faga. Faglærer og elevar skal ha oversyn/liste over ulike læringsstrategiar.
3. Elevane skal jamleg arbeida med å utvikla evna til refleksjon gjennom skrivning i alle faga.
4. Elevane skal bruka prosess – og produktskrivning i arbeidet med lesing.

Munnleg ferdigheit:

1. Elevane skal kvar veke bruka læresamtalen som ein måte å arbeida inn nytt lærestoff og fremja refleksjon. Elevane skal jamleg nytta læresamtalen i grupper og i par.
2. Elevane skal ha individuelle framføringar fleire gonger i året i alle eksamensfaga. Viktig for å førebu/bli kjent med munnleg eksamensform.
3. Læraren skal jamleg modellera munnleg forteljing og formidling.
4. Elevane skal gje munnlege tilbakemeldingar til medelevane sine presentasjonar.

Å utvikla ordforråd:

1. Elevane skal bruka fagspråk. Faglærer er ansvarleg for nye faguttrykk i sitt fag og for samarbeid for å utvikla elevane sitt ordforråd over faggrenser.
2. Nye fagord og andre viktige ord og omgrep skal arbeidast med munnleg/ skriftleg ved hjelp av ulike læringsstrategiar.
3. Elevane skal ha og utvikla sin eigen ordbank i alle faga.
4. Elevane og lærarane skal bruka dei nye orda i ulike samanhengar, til døme i det daglege, i munnleg og skriftleg arbeid og i presentasjonar.

DEL 3 Å KODA OM

Å koda om er å greia å gjera ei kopling mellom lyd og teikn. Vidare er det å sjå bokstavsekvensar, heile ord, meningsberande einingar, setningar, avsnitt, større tekstbitar, heil tekst og sjanger. Etterkvart som elevane blir eldre og betre lesarar, handlar "å koda om" også om å lesa og forstå ulike sjangrar, uttrykka seg presist med eit meir variert og nyansert ordforråd og tilpassa lesemane etter sjanger.

Rettleia lesinga på alle trinn er eit ansvar for alle lærarar og faglærarar:

1. Elevane skal kunna lesa, skriva og forstå dei fleste orda dei møter i tekstane.
2. Elevane skal i det daglege arbeidet visa at dei meistarar ulike ordlesingsstrategiar.
3. Elevane skal kontinuerleg arbeida med ordlesing og ordkunnskap i alle faga og på alle trinna.
4. Elevane skal visa at dei meistarar ortografi, teiknsetjing, variert ordforråd og bruk av ulike setningskonstruksjonar med utgangspunkt i ulike tekstar.

Korleis sjekka/ sikra og vurdera elevane sine kunnskapar?

1. Nasjonale prøver på 8. og 9. trinn i lesing på norsk og engelsk, nasjonal prøve i matematikk.
2. Observasjonsverktøyet Leslos skal brukast som grunnlag for lærarane sin refleksjon rundt elevane si leseutvikling på team/trinn. Dette skal gjerast minst ein gong i halvåret.

DEL 4 Å LESA MED FORSTÅING

I Kunnskapsløftet står det at ein elev på tiande trinn skal kunna bruka lesestrategiar variert og fleksibelt i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa. Vidare kan vi lesa at ein elev på tiande trinn skal kunna tolka og vurdera ulike formar for samansette tekstar. For å nå desse måla må arbeidet starta allereie på åttande trinn.

Lesestrategiar:

1. Starta åttande trinn med å sjekka kva strategiar elevane har inne, d.v.s. gjennomføra kartlegging.
2. Øva elevane på å velja dei strategiane som passer best for den enkelte.
3. Repetera/ vidareføra strategiar som er innøvde på barnetrinnet. Barnetrinnet må ha gjennomgått fire av dei fem hovudstrategiane: å strukturera informasjon, stilla spørsmål ut frå tekst, gje att innhald, skapa om tekst.
4. Elevane skal jamleg få trening i å analysa og vurdera form og innhald i tekst.
5. Elevane skal få trening i å reflektera over det dei les og korleis dei lærer. Dette må læraren setja av tid til i det daglege arbeidet.

Å undervisa i forståingsstrategiar:

Elev skal få trening i:

1. Førforståing:
 - Henta fram eigen bakgrunnskunnskap og erfaring.
 - Bruka eigen bakgrunnskunnskap og erfaring for å føregripe innhaldet.
2. Leseforståing
 - Struktura informasjon frå teksten
 - Stille spørsmål til/frå teksten
 - Gjengi innhaldet i teksten
 - Gjenskape teksten med egne ord
 - Vurdere forholdet mellom form, innhald og språklege verkemiddel

Korleis og når skal dette observerast?

1. Elevane skal observerast i løpet av skuledagen gjennom det daglege arbeidet.
2. Nasjonale prøver på 8. trinn og 9. trinn.

DEL 5 DIGITAL KOMPETANSE

1. Digitale ferdigheiter som grunnleggande ferdigheit med nivåbeskriving.
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/digitale-ferdigheter/>
2. Iktplan.no. Digitale ferdigheiter i opplæringa med mål etter 10. trinn.
<http://www.iktplan.no/index.php?pageID=9&lang=nb>

DEL 6 TILTAK FOR ELEVAR SOM IKKJE HAR FORVENTA UTVIKLING

1. Bruka Leselos som tiltak for å avdekka områda eleven ikkje meistar.
2. Vurdera og diskutera den leseundervisninga eleven møter.
3. Kvar skule må etter behov organisera tiltak til dømes: lesegrupper på tvers av trinn, lesekurs, oppfølgingstiltak på enkeltelevar, leselærer som går frå elev til elev, klasse til klasse og arbeider med lesing med enkeltelevar.
4. Eleven skal møte tilpassa lesemateriell som motiverer med tanke på innhald, alder og ferdigheit.
5. Elevar som ligg på nivå 1 på nasjonal prøve for 8.trinn, bør utgreiast vidare med Logos. Kvar skule må ha ein ressurslærer som kan å gjera denne kartlegginga.
6. Det må leggest vekt på eit nært samarbeid med foreldra.

Vedlegg: Leselosskjema

Elev: _____

LESE LOSS	Område	Komponentar	Meistrar med modellering	Meistrar med støtte	Meistrar sjølvstendig
MÅLRETTING	METAKOGNITIV REFLEKSJON, FØR, UNDER OG ETTER LESING	Uttrykker formålet med lesinga	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Orienterer seg i teksten	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Vel lesemåtar ut frå formål og tekst	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
FØRFORSTÅING	METAKOGNITIV REFLEKSJON, FØR, UNDER OG ETTER LESING	Hentar fram eigen bakgrunnskunnskap og erfaring	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Bruker eigen bakgrunnskunnskap og erfaring for å føregripe innhaldet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
KODING	METAKOGNITIV REFLEKSJON, FØR, UNDER OG ETTER LESING	Les tekstar med flyt	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Har trygg kodingsferdigheit på bokstavnivå	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Har trygg kodingsferdigheit på bokstavsekvensnivå	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
ORDFORRÅD	METAKOGNITIV REFLEKSJON, FØR, UNDER OG ETTER LESING	Har trygg kodingsferdigheit på ordnivå	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Stoppar opp ved og markerer nye ord	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Tar i bruk strategiar for å lære nye ord	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
LESEFORSTÅING	METAKOGNITIV REFLEKSJON, FØR, UNDER OG ETTER LESING	Bruker nye ord munnleg og skriftleg	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Strukturerer informasjon frå teksten	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Stiller spørsmål til/ frå teksten	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Gjengir innhaldet i teksten	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
		Gjensker teksten med egne ord	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Vurderer forholdet mellom form, innhald og språklege verkemiddel	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		